

Matrehola



Bualoftet på Kjetland frå 1600 eller 1700-talet.

KJETLAND

På garden KJETLAND står det ei gammal bu med loft – eit bualoft – truleg frå 1600 eller tidleg på 1700-talet. Utvendig skil det seg ikkje så mykje frå andre hus av same storleik, men innvendig oppdagar vi at det er ein bygning av eldre årgang vi er i. Fint tømmer og konstruktive detaljar fortel om gammal handverkskunst. Ingen tradisjonar kan i dag seia noko sikkert om alderen. På ein av tømmerstokkane kan vi telja 150 årringar.

Bua stod opphavleg på bruk nr. 1, der vedhuset no står. På slutten av 1800-talet var bua bustad for tenestefolk på garden. Sommarstid, med mykje folk i tunet, var det her ein god overnattingsstad. Den gong hadde bua loft og ein utbyggd svalgang. Etter utskiftinga vart bua flytta, og sett opp som eit vareskur på dampskipskaien i Haugsdal. I 1965 vart ho teken ned med tanke på museumsformål, men i 1984 kom bua attende til Kjetland og vart sett opp att i sin opphavlege stand, med svalgang og loft.

JERNBARRAR PÅ RAMBJØRG



Jernrike myrar var ein viktig ressurs for garden og bygda i førhistorisk tid. Myrmalmen vart graven fram or myra, tørka og smelta til jern i blåseromn. Råproduktet vart kalla blåsterjern, som vart tilarbeidd til flatsmidd (tynt jern), for ein laga reiskap eller våpen. Ei knippe av bortgøynde, flatsmidde, 30 cm lange jernstykke (barrar) med hempe i enden, er funne djupt i jordlaget ved eit elvefar på Rambjørg. Jernbarrane er sannsynlegvis frå vikingtida. Gløymde eigaren jernet sitt? (①351, ①408.)

På ein stor grusterrasse i Matredalen, eit par kilometer frå strandstaden Matre, ligg STORSETEHILLEREN, ved enden av ei svær steinblokk som ein gong bar rasa ned frå fjellet. Vel hundre meter aust for billeren renn Matreelva.



Storsetehilleren eller Matrehola har truleg vore fangststasjon gjennom eit par tusen år.

TRODALEN

På garden TRODALEN, eit stykke opp i lia på nordsida av Matrefjorden, ligg det eit tohøgda gardshus som ser ut til å vera prega av austnorsk byggeskikk. Våningshuset er frå 1820, og dei som bygde det, hadde vore ute på tømring i bygdelag austanfor. På denne garden er det ei uvanleg rikhaldig samling av reiskap, utstyr og husbunad – over 600 gjenstandar. Her er fangstutstyr for jerv, gaupe og rev; her er handverktøy som hovlar og bøkkearutstyr og her er utstyr for ei gards-smie. To kister skal vera frå 1500-talet, og ei eldhusdør som er teken vare på – med ein stor solfigur midt på – er truleg frå seinmellomalderen (nedanfor).

